



Nhb Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1785 - 17/33605

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
27.11.2017

Løyve til frådelling av 7 grunneigedommar til bustad, leikeareal og veg - gbnr 24/4 Fammestad

Administrativt vedtak: Saknr: 558/17

Heimelshavar: Anders Myking Fammestad
Søkjjar: NHB Vest AS
Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.
Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av 7 stk. bustadtomter, samt veg og leikeområde i samsvar med reguleringsplan for Jydalen, Fammestad plan-id 1263-201510.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.06.17 og supplert 02.08.17 og 02.11.17.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 02.11.17 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Jydalen, Fammestad /plan-id 1263-201510 er definert som bustad med tilhøyrande infrastruktur til bustadfeltet .

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i godkjent reguleringsplan.

Vatn og avløp (VA)

Det ligg føre førehandsuttale vedkommande tilknytning til offentlig vatn.

Det ligg føre utsleppsløyve på vilkår for etablering av leidningsnett for avløpsvatn datert 24.11.17.

Det ligg føre erklæring om å leggje vass- og avlaupsleidningar over gbnr. 24/4 av 01.08.17.

Tilkomst, avkøyrse og parkering

Avkøyrse til offentlig veg går fram av godkjent reguleringsplan.

VURDERING:**Vurdering av pbl § 26-1**

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Plassering

Deling vert godkjent plassert slik det er synt i godkjent reguleringsplan for området.

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til oppretting av nye grunneigedommar i samsvar med reguleringsplan for Jydalen, Fammestad.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av nye grunneigedommar på gbnr 24/4 på følgjande vilkår:

- Eigedommane skal delast i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Jydalen, Fammestad.
- Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anders Myking Fammestad

Reikeråsvegen 26 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Nhb Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ

NHB Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ